

Sverre Eikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1578 - 14/3784

Saksbehandlar:  
Anne Wergeland  
Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:  
21.02.2014

## Invitasjon til LeseLos 2014-2015




Hausten 2014 tok Alversund skule, Knarvik barneskule, Ostereidet barneskule samt Ostereidet ungdomsskule til med LeseLos. Erfaringane så langt er gode, og vi vil halde fram med tiltaket neste skuleår. Verktøyet er utarbeidd ved Lesesenteret i Stavanger, og de vil finne mykje informasjon på nettsidene til Lesesenteret.

Målsetjinga med LeseLos er å skildra av ressurspersonane ved Lesesenteret:

- Heve læraren sin kompetanse i forhold til å planleggje, gjennomføre og vurdere god leseundervisning i alle fag og på alle trinn
- Betre eleven sitt læringsutbytte gjennom økt leseferdigheit

LeseLos er eit verktøy for å støtte elevane si leseutvikling på alle trinn og i alle fag. LeseLos er utvikla etter idêar og prinsipp som har vore i bruk over lang tid for å vurdere borns språklege utvikling (TRAS). Medan TRAS rettar merksemda mot generelle språkutvikling hjå førskuleborn, rettar Leselos merksemda mot skuleborn og mot skriftspråket – lesing spesielt.

Gjennom arbeidet med LeseLos vert det nytta ulike arbeidsmetodar: Teori, oppgåver til teori, undervisnings-rettleiing samt skjema for observasjon/vurdering av elevkompetanse. Arbeidet er knytt til innhaldet i rettleiingsheftet, her skildra ved hjelp av LeseLos-draftet.



Skular som ønskjer å ta i bruk LeseLos, er velkomen til å søkje om plass frå skuleåret 2014/15. Vi ser for oss å starte opp med 3-4 nye skular neste skuleår, samt halde fram med dei 4 skulane som har innført verktøyet inneverande skuleår.

#### **Forventningar til skular som skal starte opp med LeseLos haust -14:**

- Implementering av verktøyet skal forankrast i leiinga og personalet vår 2014
- Leiinga må leie prosessen ved eigen skule, samt følgje opp lærarane fagleg
- Fast person frå leiinga deltek i alle nettverk og kurs
- Det vert etablert ei ressursgruppe for lesing ved skulen:
  - Leiar
  - Lesekontakt
  - Lærar
- Heile skulen deltek i prosessen (innføring i alle klassar, alle lærarar)
- Skulen deltek på felles kursdagar
- Skulen følgjer vedteken plan for implementering

#### **Forventa tidsbruk skuleåret 14/15:**

- Tid felles:
  - 2 halve kursdagar (7.november og 6.februar)
  - 4 nettverkssamlingar for "LeseLos" (1 leiar +1 lærar frå kvar skule)
  - Rektor deltek i prosjektgruppe saman med rektorane frå andre skular i kommunen
- Tid på eigen skule:
  - 2 «fellestider» i månaden vert brukt til å lese fagstoff samt pedagogiske drøftingar og erfaringsutveksling
  - Teamtid/trinntid vert brukt til å planlegge undervisning

#### **Skular som ønskjer å ta i bruk LeseLos neste skuleår, gjer følgjande:**

- Verktøy, forventningar og metode blir presentert i plangruppa
- Rektor har dialog med AT og VO kring verktøyet
- Gjennomfører val av repr. til ressursgruppa (1 person frå leiinga, lesekontakt, lærar)
- Rektor sender kortfatta søknad med grunngjeving til fagsjef. Kopi til einingsleiar.
- Søknadsfrist: fredag 28. mars

Med helsing

Anne Wergeland  
fagsjef skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Ragna Midtbø  
Kristin Moe

**Kopi til:**  
Bente Kronhaug  
Hogne Haugsdal

**Mottakrar:**

Sverre Eikanger

Arne Magnar Kvamme

Cato Risøy

Henriette Rolland

Nils Kvalvågnes

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

Lena Otterbu Fyllingen

Katrine Hopland

Olaf Michal Hella

Anne Wergeland